



ÅRSMELDING LESJA KYRKJELEGE RÅD 2021

Lesja kyrkjelege råd:

01.01.-31.12.2021 :

Jorunn Einbu Teigen (leiar)
Aasmund Kolstad (nestleiar)
Audny Bakken
Pål Rindal
Aagot Sørungård Botheim
Anne-Grete Dalum Tordhol
Kommunal representant:
Liv Enstad
Biskopens representant:
Magnus Halle

Ole Romslo Traasdahl
Aage Asgeir Paulsrud
Stein Inge Bjorli
Ann Karin Thøring
Marit Tynnøl

Marita Lindbom

Birgitte Bentzrød

Lesja kyrkjelege råd har hatt 5 møter, og har behandla 28 saker.
Kyrkjeverje er med som sekretær.

Lesja kyrkjelege administrasjonsutval (partsamansett utval):

Jorunn Einbu Teigen	frå kyrkjeleg råd
Aasmund Kolstad	frå kyrkjeleg råd
Anne-Grete Dalum Tordhol	frå kyrkjeleg råd
Steinar Skotte	frå dei tilsette

Partsamansett utval fungerer og som forhandlingsutval.

Kyrkjeverje er fast sekretær i forhandlingsutval og partsamansett utval.
Partsamansett/Forhandlingsutvalet har ikkje hatt møte.

Gudsteneste- og trusopplæringsutval:

Gudsteneste- og trusopplæringsutvalet skal arbeide for eit breitt og mangfaldig tilbod av gudstenestar og arrangement i kyrkjene. Utvalet skal og ha fokus på at fleire medlemmar skal ynskje å nytte dette tilbodet.

Utvalet har ansvar for opplæring av dei døypte i den kristne tru. Målgruppa for trusopplæringa er kyrkja sine medlemmar i aldersgruppa 0-18 år.

Medlemmar i utvalet:

Jorunn Einbu Teigen
Audny Bakken
Pål Rindal

Organist
Sokneprest

Diakoniutvalet:

Anne-Grete Dalum Tordhol
Ole Romslo Traasdahl
Marit Tynnøl



Kyrkje- og kyrkjegardsutval:

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet skal bidra til at kyrkjene og kyrkjegardane i båe sokn er i slik stand som vi til ei kvar tid ynskjer at dei skal vera, og slik kyrkjelov og regelverk krev. Utvalet utfører sine oppgåver, på vegne av Lesja kyrkjelege råd, og i samarbeid med kyrkjetenarane. Medlemmane i utvalet skal representere kvar si kyrkje/kyrkjegard.

Medlemmar i utvalet:

Stein Inge Bjorli	Lesjaskog kyrkje/kyrkjegard
Torbjørn Thøring	Lesjaverk kyrkje/kyrkjegard
Aasmund Kolstad	Lesja kyrkje/kyrkjegard

Arrangementsutval:

Arrangementsutvalet skal bidra til å gjennomføre kyrkjelege tilstellingar som Lesja kyrkjelege råd foreslår.

Utvalet er ei ressursgruppe som og kan foreslå arrangement for rådet, og skal samarbeide med organist om konsertar og andre kulturarrangement.

Medlemmar i utvalet:

Audny Bakken	Aagot Sørungård Botheim
Ann Karin Thøring	Aage Paulsrud

Tilsette

Organist:	Solfrid Kvamestøl Grønbeck (Permisjon fram til juni 2021)	100% stilling
	Erlend Grønbeck (Vikar frå januar – juni 2021)	100% stilling
Kyrkjetenarar:	Ola Nørstebø Steinar Skotte Jørn Sæther	80% stilling på Lesja 80% stilling på Lesjaskog/Lesjaverk Tilkallingsvikar
Kyrkjevevje:	Torunn Elisabeth Skotte Stavheim	100% stilling
Prest:	Magnus Halle (ikkje tilsett i Lesja kyrkjelege råd)	100% stilling i Lesja

Kari Irene Lien og Jørgen Brandli har vore organistvikarar i samband med ferieavvikling. Takk til Iver Holsbrekken som stilte opp som forsanger på utegudstenestene julekvelden. Og ikkje minst: takk til Kåre Gloslie, Paul Gunnar Lien og Steinar Skotte som stilte på kort varsel, og redda drop-in-dagen på Sjong, då prest, organist og kyrkjevevje hamna i karantene!

Kyrkjene/kyrkjegardane:

Dugnadane på kyrkjegardane kunne heldigvis gjennomførast utan strenge restriksjonar i år. Det var nok noko mindre frammøte på Lesja, men dei som møtte jobba desto meir, og hadde lang dag.

På Lesjaverk og Lesjaskog var frammøte bra. Takk til alle som stiller opp og tek eit tak på dugnadane!

Riksantikvaren utlyste midlar til utskifting av elektrisk anlegg/sikringsskap i eldre kyrkjer, og det vart søkt om tilskott til utskifting av sikringsskap og diverse leidningar i Lesjaskog kyrkje. Vi fekk tilsagn på inntil 60% av budsjetterte utgiftene, dvs kr 72 000. Utgiftene vart noko mindre enn budsjettert, og i tillegg var det budsjettert med beløp inkl. mva. Vi fekk utbetalt 60% av faktiske utgifter, ekskl. mva., så tilskottet vart på kr 56 152,-.



I august/september vart Lesjakyrkja måla. Takk til Jeva handverk for godt utført arbeid! Det var diskusjon om kva farge som skulle brukast. Valet stod mellom Tjærebrun, som var brukt tidlegare, og Dalabrun som, ved ein feil (vi fekk oppgjeve feil fargenamn), vart måla på våpenhuset, hausten 2020. Etter synfaring, gjekk fleirtalet i rådet inn for at kyrkja skulle målast i Dalabrun. Men alle var samde om at dersom denne

endringa kravde søknad til Riksantikvar/biskop, noko som truleg ville medføre at måling av kyrkja måtte utsetjast til neste år, skulle kyrkja målast i Tjærebrun.

Riksantikvaren vart kontakta, og to av dei tilsette skulle på møte i nærområdet, og kom innom Lesja på turen. Dei var tydelege på at fargeendring kravde søknad, og dei kunne ikkje lova at søknaden ville bli behandla i tide til at kyrkja kunne målast i 2021. Når dei i tillegg var tydeleg på at farga Dalabrun ikkje kom til å bli godkjent uansett, var valet enkelt. I ettertid er alle samde om at det var best det vart som det vart.

Det har lenge vore prata laust om kva som bør gjerast med området i Kyrkjeholen, men etter initiativ frå Sigurd Vie Alme i Lesja kommune, vart det innkalla til møte for å lufte om fleire aktørar var interessert i å vera med og få til noko aktivitet i området. Representantar frå bygdemuseet, kommunen, grendeutvalet og kyrkja møtte på det fyrste møtet. Seinare vart det ei synfaring i Kyrkjeholen, området ned mot prestegarden og den gamle kyrkjegarden. Det kom mange gode tankar om kva området kan brukast til, men i fyrste omgang vil det blir rydda i Kyrkjeholen og sett opp nokre skilt. Så kan prosjektet bli utvida litt etter litt. Planen er å starte med rydding i Kyrkjeholen til våren.

Ola Nørstebø har rydda i skogområdet øst for parkeringsplassen, og langs kyrkjegardsmuren.

Sjong

Kapellet på Sjong har vore mykje i bruk i 2021. I juni var det både vigsel og barsedåp, og i juli var det gudsteneste. Avstandskravet gjorde at vi ikkje kunne ha gudstenesta inne i kapellet, men det vart arrangert utandørsgudsteneste med bra frammøte. Iver Holsbrekken var med og spela trombone. August var den store bryllupsmånaden på Sjong, med ein vigsel den 5. august og heile 12 par på drop-in-bryllup den 7. august.

I september var det ein barsedåp i kapellet.

Utemøblane på Sjong var modne for utskifting, så dei vart demontert og køyrt bort.

Dessverre rakk vi ikkje å få tak i nye til gudstenesta, men vi fekk låne utebord og benkar frå Lesja skule. Bord og benkar som stod lagra inne i gangen vart og køyrt bort, slik at vi fekk rydda og ordna gangen.





Kyrkjestugu

Lesja kyrkjelege råd står for den daglege drifta av Kyrkjestugu.

Vevstugu er leigetakar i 2. etg.

Kyrkjestugu har vore utlegd til konfirmasjon og dåpsselskap, og konfirmantane har hatt samling der. Grunna avstandskrav og stor oppslutning, vart konfirmantjubileet i år flytta til Fjellnær.

Kyrkje og Kyrkjestugu har vore utlegd til samling for konfirmantar frå Spjelkavik, når dei er på Bjorli på leir.



Stell av legatgraver

Kyrkjetenarane plantar og steller på dei gravene som har stell-avtaler.

Det er ca 120 graver med stell-avtaler.

Konsertar

I juni var Lesja kyrkje utlegd til konsert med Guren Hagen.

Lesja barnekor deltok på Gudbrandsdal musikkfestival sin konsert i Lesja kyrkje i oktober, og siste helga i november kunne dei endeleg arrangere tradisjonell adventskonsert att. Iver Holsbrekken var med på trombone.

Grunna strenge restriksjonar kunne ikkje Lesja og Lesjaskog sangkor arrangere korkje palmesøndagskonsert eller julekonsert i 2021.

Økonomi

Kyrkjelova § 15 omhandlar kommunen sitt økonomiske ansvar for drift av fellesrådet.

Direkte driftstilskott frå Lesja kommune var kr 2.520 000,-.

Fellesrådet har tenestavtale med kommunen tilsvarande kr 219.000. Dette er husleige, føring av rekneskap, lønsarbeid, datautstyr, papir, porto, kontortelefon, graving, brøyting til og ved kyrkjene og bistand ved større restaureringsarbeid.

Frå og med 2010 har Lesja motteke Lesja trusopplæringsmidlar (sjå under trusopplæring).

Lesja har vald å ikkje tilsetja nokon fast trusopplærar, men heller bruke midlane til å hyre inn enkeltpersonar/lag/foreiningar frå tiltak til tiltak, og i tillegg ha att midlar til gjennomføring av trusopplæringstiltaka. Delar av organist- og kyrkjevergestillinga er finansiert av trusopplæringsmidlane.



Driftstilskottet frå Lesja kommune har stått uendra (eller med små reduksjonar) dei siste åra, noko som i realiteten betyr nedskjæring. Driftstilskottet dekkjer berre det mest nødvendige, og for dei minste uforutsette utgiftene, må det løyvast frå disposisjonsfondet.

Festeavgift:

Festeavgifta er for tida kr 150,- pr år grav pr. år (vedteke i kommunestyret i 2019).

Innbetalt festeavgift i 2021: kr 234 000,-

Rekneskapsresultat:

Rekneskapet for 2021 går heilt i null. I utgangspunktet vart det eit mindreforbruk på ca kr 46 000,-, men iflg. nye rekneskapsreglar skal bruk av disposisjonsfond reduserast tilsvarande, dersom rekneskapet viser eit mindreforbruk. Dvs. at bruk av disposisjonsfond blir ca kr 46 000,- mindre enn det rådet har løyvd. Momskompensasjon utgjorde kr 195 198,-

Heller ikkje 2021 vart eit normalt år.

Vi hadde færre gudstenester enn vanleg, det vart ingen konfirmantleir og nokre trusopplæringstiltak måtte kuttast ut. Dette har ført til at vi på nokre områder har hatt mindre utgifter, men så har utgiftene vore dessto høgare på andre felt.

Pensjonskostnadane har vore mykje høgare i år enn tidlegare år. Dette kan forklarast med at det generelt har vore høgare pensjonskostnader, men og utgiftene dei seinare åra har vore låge pga. at ein av dei tilsette gjekk på pensjonistløn. I år har det i tillegg vore ein tilsett i lønna permisjon. Refusjon frå NAV dekkjer ikkje pensjonskostnader, så derfor har det vore dobbelt opp med pensjonskostnader halve året.

Strømutgiftene har og vore noko høgare enn vanleg, sjølv med langt færre gudstenester enn eit normalt år.

Kyrkjebladet

Kyrkjebladet har eit opplag på 1100 eksemplar. Ca 850 går til innbygds og omlag 170 blir sendt til utanbygdsbuande.

I 2021 vart det innbetalt kr 80 500,- i pengegåver til kyrkjebladet. Dette er ei auke på kr 7 500,-

frå 2020. Kyrkjebladet hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 17 193,80.

Distribusjon av bladet ved hjelp av Posten eller andre distributørar, er ei utfordring, og derfor har rådsmedlemmar og tilsette stått for distribusjon av samtlege blad i 2021. Takk for innsatsen! Blad til utanbygdsbuande blir adressert, frankert og sendt med Posten.

Vi får layout-hjelp frå Snøhetta forlag, og bladet blir trykt på Dale-Gudbrand trykkeri. Vi vil rette ein ekstra takk til Ole Martin Sørungård (Snøhetta forlag) for arbeidet han gjer med Kyrkjebladet!

Konfirmantarbeid

Dette året var det 21 konfirmantar i Lesja sokn og 8 i Lesjaskog.

Det vart relativt tidleg bestemt at konfirmasjonen måtte utsetjast til hausten nok ein gong. I Lesja vart det halde to konfirmasjonsgudstenester (18. september), og i Lesjaskog var det ei gudsteneste (25. september). Gudstenestene var kun for konfirmantar og familie, og maks 10 deltakarar pr. konfirmant.

Dei som skal konfirmerast våren 2022 fekk ikkje tilbod om å reise på konfirmantleir våren 2021. Planen var at dei, utpå hausten, skulle på helgeleir på Dovrefjell i lag med Dovre, men Dovre trekte seg frå samarbeidet. Det er derfor planlagt for ein helgetur til Trondheim i staden (mai 2022).

Nettoutgift til konfirmantundervisninga var på kr 7 983,-



Trusopplæring:

Trusopplæringsreformen inneber at det er kyrkja sjølv som skal gjeva tilbod om trusopplæring til alle døypte i aldersgruppa 0 – 18 år. Tilboda skal supplere dei meir tradisjonelle formene for trusopplæring.

Til gjennomføring av trusopplæringsreforma bli vi tilført midlar, ca kr 550,- pr. år pr. døypt barn i aldersgruppa 0- 18 år. I tillegg fekk vi kr 43 000,- i utjamningsmidlar.

Totalt kr 224 984,-

Trusopplæringstiltak som er gjennomført i 2021:


- Dåpssamtale og dåp
- Ingvill Tøndevoldshagen, Anne Marie Lien Sønstebo, Dagrun Klungervik og Inger Torhaug broderer dåpsserviettar til alle som blir døypt.
- Babysang (sjå eiga oppsummering frå organisten).
- Utdeling av boka "Tre i eit tre" til 6-åringar (felle utdeling for alle i Lesja).
- Utdeling av biblar til 5.klassingar måtte utsetjast til 2022.
- Tårnagentsamling i Lesjaverk, med 10 tårnagentar og Ragnhild Stavheim som sjefsagent. På grunn av antallsbegrensing, vart det halde ei eiga tårnagent-gudsteneste laurdag, som avslutning på samlinga.
- Organist og organistvikaren hadde sangsamlingar på Blåsenborg, i Lesjaskog barnehage og i Lesja barnehage (sjå eiga oppsummering frå organisten).
- Utdeling av "Mi eiga kyrkjebok" til 4-åringar. Ungane fekk tilbod om å vera med på ei samling før gudstenesta, der dei bl.a. laga kvar sin sau. På Lesjaskog var denne som vanleg i samarbeid med Lesjaskog barnehage, og på Lesja var samlinga i år eit samarbeid med Husflidslaget i Lesja.
- Lesja barnehage hadde barnehagegudstenester før jul, men i samråd med barnehagen vart det ikkje juletreff med servering i år. På grunn av at det vart gjeninnført strengare restriksjonar, vart det ikkje barnehagegudsteneste på Lesjaskog, og heller ikkje skulegudstenestene.

Kyrjekaffe:

Etter kvar gudsteneste (med unntak av juleftan, 17. mai, konfirmasjon, allehelgen og langfredag), skulle det vore enkel kyrjekaffe i våpenhuset/kyrkja, med kaffe, saft og twist. Kaffen gjev oss anledning til å stane opp litt og slå av ein prat – visst vi ynskjer det. Ein kopp kaffe i våpenhuset, eller kyrkja, er med på å understreke fellesskapet i menigheita. Kanskje kan vi gjenskape noko av den gamle kyrkjebakkefunksjonen? Oppslutting og attendemeldingar viser at folk set pris på dette.

I år har koronarestriksjonane sett delvis stoppar for dette, og det er berre etter nokre få gudstenester det har vore kyrjekaffe.

Radiogudsteneste frå Lesja kyrkje



Radiogudsteneste:

Den 27. juni 2021 var radiogudstenesta på NRK overført frå Lesja kyrkje.

Medlemmar frå Lesja og Lesjaskog sangkor stilte som forsongarar og i tillegg var det god oppslutning om gudstenesta (ca 90 stk totalt).

Etter gudstenesta inviterte

Gudbrandsdalsmusea/venneforeninga til kyrjekaffe på bygdetunet.

Det kom mange positive attendemeldingar, frå fjern og nær, i etterkant av gudstenesta.

Fleire av attendemeldingane gjekk på at det var så godt med ei vanleg, tradisjonell gudsteneste utan mykje ekstra av noko slag.

Menighetsmøte:

Menighetsmøtet som var planlagt i april vart utsett pga. nedstenging, og vart heller ikkje gjennomført seinare på året.

Andre arrangement:

Det vart ikkje invitert til konfirmantjubileum i 2020. I utgangspunktet vart det utsett til våren 2021, men til slutt valde vi å invitere både 2020- og 2021-jubilantane til felles arrangement i september. Det var bra oppslutning på Lesjaskog, så jubileet vart flytta til Fjellnær. På Lesja var det dårleg oppslutning, og alle fekk derfor plass på Tunstugu.

Pga. strenge restriksjonar gjennom store delar av året, vart det ikkje gjennomført noko andre arrangement i 2021.

OVF-jubileum:

Opplysningsvesenets fond hadde 200-årsjubileum i 2021, og inviterte til feiring i prestgarden den 29. august. Magnus Halle stod som arrangør, med innlegd hjelp frå bygdekvinnelaget. OVF gav kr 10 000,- til dekking av utgifter. Pengane vart utbetalt til kyrkjeleg råd, da OVF måtte betale ut til eit organisasjonsnummer. Rekningane kom derfor til kyrkjeleg råd, og er ein del av rådet sitt rekneskap for 2021.

Digitale tiltak:

Kyrkja i Lesja har både heimeside og facebookside, og desse har vore brukt til gudstenesteannonsering og anna informasjon. Det har vore lagt ut nokre småe videosnuttar gjennom året, og Erlend Grønbeck laga ein litt lengre film, med barnekoret, til 17. mai.

Kyrkjetekstilar:

Frå mai til september hadde Maihaugen utstilling av kyrkjetekstilar laga av Borgny Svalastog.

Utstillinga inneheldt bl.a. alle kyrkjetekstilane ho har laga til Lesja kyrkje, grøn og kvit messehaki og kvit stola frå Lesjaskog kyrkje.

Dei tilsette reiste på stabstur til Lillehammer den 18. august, der dei bl.a. såg på utstillinga.



Litt statistikk:

Kyrkjelege handlingar:	2020	2021
Døpte	22	23
Konfirmerte	17	29
Vigslar	8	20
Gravferder	22	23
Innmeldt	1	0
Utmeldt	4	3
Ofringar:		
Totalt innkome ved ofring	48 323	48 453
Offergåver til eige arbeid	14 448	11 242
Offergåver vidaresendt til andre	33 875	37 211
Kirkens Nødhjelp sin fasteksjon	(Digitalt på FB) 7 705	7 800
Gudstenester	52	40
Tal på deltakarar	2 369	2 089

Til slutt ei helsing til alle tilsette, folkevalde og friviljuge:

Takk for det store og gode arbeidet de har lagt ned i 2021!

Lesja, den 9. februar 2022
for Lesja kyrkjelege råd

Torunn Elisabeth Skotte Stavheim
Kyrkjeeverje



Årsrapport frå organisten

Den fyrste halvdel av året 2021 starta eg i svangerskapspermisjon fram til juni og formelt sett byrja eg å jobbe den 22. juni.

Babysong.

Eg ynskte sjølv å ha nokre samlingar med babysong på våren sidan eg var i permisjon med Sigurd.

Dei fyrste samlingane hadde me i Storstuggu på helsehuset, men har i løpet av hausten flytta inn i lokalet til helsestasjonen.

Det har vore 12 samlingar frå mars til desember.

I snitt har det vore **ca 5** born i snitt på kvar samling dette året. Det har også vore med 1-2 forelder. Me har det veldig hyggelig på desse samlingane og me syng, leikar og koser oss med borna. Opplegget er at me syng ca 30 minutt før me har sosialt samvær med kaffe og biteti.

- 11. mars - 6 born
- 20. mai - 6 born
- 3. juni - 6 born
- 17. juni - 5 born
- 1. juli - 5 born
- 31. august - 3 born
- 14. september - 4 born
- 28. september - 6 born
- 19. oktober - 5 born
- 26. oktober - 4 born
- 9. november - 5 born
- 30. november - avlyst grunna sjukdom
- 7. desember - 6 born

Songsamling i Lesja barnehage

Det var **6 songsamlingar** i Lesja bhg. Eg har tatt med dei samlingane som Erlend hadde då han var vikar for meg.

Den siste hadde me i kyrkja. Her var det opprinnelig planlagt julevandring men dette vart redusert til ein kort andakt med songstund.

4. mai (Erlend)

8. juni (Erlend)

21. september

19. oktober

16. november

13. desember - andakt og song i kyrkja

Songsamling i Lesjaskog friluftsbarnhage

Det var gjennomført **5 songsamlinger** på Lesjaskog. Dei fyrste tre med Erlend.

Den siste samlinga i desember skulle me ha i barnehagen, men vart avlyst pga sjukdom. På Lesjaskog ynskjer dei å ha songsamlingane på Eldres framover. Vi starta dette året, 2022, med ei songsamling på Eldres og dette er noko alle ser fram til!

7. mai (Erlend)

14. mai (Erlend)

1. juni (Erlend)

16. september

11. november

Songsamling på Blåsenborg

Det var **7 songsamlingar** på Blåsenborg. To i vår og fem i løpet av hausten. I desember vart det ei samling i forbindelse med kvar søndag i advent.

23. april (Erlend

11. mai (Erlend)

8. september

5. november

3. desember

10. desember

17. desember

Lesja barnekor

Vinteren og våren til barnekoret var prega av både koronanedstenging og ein dårlig rygg på vikaren. Derfor vart det eit litt urolig semester for både barnekoret og dirigenten.

Høgdepunktet for våren var nok innspelinga av "Ja, vi elsker" i forbindelse med 17. mai! Her øvde dei saman ei øvingshelg og spelte inn til slutt. Må få takke Erlend Grønbeck for den gode innsatsen han la inn der med både det musikalske og tekniske!

Etter sommarferien kom det til mange nye medlemmer og koret hadde allereie fått ein del oppdrag å øve fram mot! Fyrst hadde vi innslag under Gudbrandsdal musikkfest i Lesja kyrkje saman med flotte artister som Iver Kleive og Sondre Bratland med fleire. Så fekk dei vere med på ein kortur til Oslo 15.-17. oktober og der såg dei mellom anna musikalen Mamma Mia! Alle gleda seg stort til å reise på tur saman no etter så mange nedturer i forbindelse med pandemien.

27. oktober arrangerte barnekoret ein huskonsert og inviterte med seg dei andre som har øvingar i kulturhuset: toradergruppa, elever frå kulturskulen, skulemusikken og Lesja/Lesjaskog sangkor. Dette var ein trivelig kveld som mange hadde gleda seg til etter 2 års pause.

28. november hadde barnekoret sin tradisjonelle adventskonsert i Lesja kyrkje og var også med på "Jul på tunet" dagen før.

Det var ein hektisk, men veldig artig haust med mange konserter og nye korister!

Andakter på Helsehuset og Eldres senter.

Når me endelig fekk lov å kome rundt på institusjonane vart det andakt og songstund frå hausten av. Erlend var med på nokre i løpet av vinter/vår, men det vart ikkje stabilt med andakt annakvar veke før etter sommaren. Dette er, for meg, eit av høgdepunkta i jobben min. Det å få kome rundt å spele og synge saman med dei eldre er svært givande!

Solfrid Kvarmestøl Grønbeck
Organist

REKNESKAPSSKJEMA DRIFT – 2020				
	Rekneskap	Reg. budsjet	Oppr.budsjett	Rekneskap
	2021	2021	2021	2020
Inntekter				
Brukarbetaling, sal, avgifter og leigeinnt.	369780,31	435 000	467 000	347 190,00
Refusjoner/overføringer	780972,81	542 000	203 000	885 743,51
Kalk.inntekt – kommunal tenesteyt.avtale/int.føring	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Rammeoverføring/tilskott frå Lesja kommune	2 520 000,00	2 520 000	2 520 000	2 520 000,00
Andre tilskott, g�ver, innsamla midlar	128953,00	150 000	150 000	129 438,23
Sum driftsinntekter	4 018 706,14	3 866 000	3 559 000	4 101 371,74
Utgifter				
L�nn og sosiale utgifter	2 694 033,02	2 665 000	2 432 000	2 461 622,02
K�p av varer og tenester	1 081 043,08	1 218 000	854 000	953 329,21
Refusjoner/overf�ringer	195 190,81	0	0	167 29,85
Kalk.utgift – kommunal tenesteytingsavtale	219 000,00	219 000	219 000	219 000,00
Tilskott og g�ver	48 0661,00	65 000	65 000	38 125,00
Sum driftsutgifter	4 237 327,91	4 167 000	3 570 000	3 839 206,08
Brutto driftsresultat	-218 621,77	-301 000	-11 000	262 915,51
Renteinntekter og utbytte	0,00	0		749,85
Netto finansinntekter/-utgifter	0,00	0	0	749,85
Avskrivninger	92 921,00	0		92 921,00
Motpost avskrivninger	92 921,00	0		92 921,00
Netto driftsresultat	-218 621,77	-301 000	-11 000,00	262 915,51
Interne finansieringstransaksjonar				
Bruk av udisponert fr� tidlegare �r (overskott)	830 029,62	830 029,62		447 781,06
Bruk av disposisjonsfond	243 202,80	290 000,00	0,00	155 804,06
Bruk av bundne fond	8 256,00	11 000,00	11 000,00	5 413,60
Sum bruk av avsetningar	1 081 488,42	1 131 029,62	11 000,00	739 602,69
Avsett til disposisjonsfond	836 026,52	830 029,62	0,00	155 804,06
Avsett til bundne fond	26 840,13	0,00	0,00	16 684,52
Sum avsetningar	862 866,65	830 029,62	0,00	172 488,58
Rekneskapsmessig mindreforbruk	0,00	0	0	830 029,62

REKNESKAPSSKJEMA		
BALANSE – 2020		
	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021
Eigendelar:		
Anleggsmidler		
Fast eigedom og anlegg	3 325 958,20	3 233 037,20
Aksjar og andelar	170 998,00	182 940,00
Omløpsmidlar		
Kortsiktige fordringar	1 205 772,51	491 439,56
Kasse, bankinnskott	3 250 993,55	3 835 743,82
Sum eigendelar		
Eigenkapital og gjeld:		
Eigenkapital		
Disposisjonsfond	1 995 986,57	2 536 868,29
Bundne driftsfond	813 458,93	832 043,06
Rekneskapsmessig mindreforbruk	830 029,62	0,00
Kapitalkonto	3 496 956,22	3 415 977,22
Gjeld		
Anna kortsiktig gjeld	857 290,92	958 272,01
Sum eigenkapital og gjeld	7 953 722,26	7 743 160,58

